



Flora Industri- og Næringsforening

Styresak til styremøte i FIN, 22 august 2018

ARBEIDSPROGRAM 2018 - 19

FIN vil som tidlegare engasjere seg i aktuelle saker som det er naturleg for foreininga å ta del i og uttale seg om.

Det grøne skifte

Flora og FIN må vere på offensiven og stille seg positiv til nye tankar og planar som kan bidra til at vi i vårt område kan ta aktiv del i det grøne skiftet. Klima og miljøutfordringane er store og FIN vil bidra til å finne konkrete og operative prosjekt som kan gjennomførast lokalt. FIN vil støtte arbeid med til dømes utbygging og bruk av alternative energikjelder som biobrensel til industrien, hydrogen til skipsfart, og batteriløysingar for skip. Satsing på fornybar energi, energiøkonomisering og resirkulering av industriavfall er også viktige områder å engasjere seg i. FIN vil invitere til medlemsmøte for å sjå på muligheitene innan alternative energikjelder.

Nærings- og bustadareal

Flora må tenke både på lang og kort sikt og vere i forkant når det gjeld behova for både nærings- og bustadareal. FIN ønsker å vere ein aktiv deltakar i planarbeidet i Flora kommune og å komme tidleg med i planprosessane.

FIN vil vere ein pådrivar for at det blir frigjort og bygd ut nye industri- og næringsareal og arbeide for at Flora kommune heile tida synleggjer kva som finst av ledig næringsareal. FIN ønsker å fortsette det tette samarbeidet ein har fått i stand med kommuneadministrasjonen for å få lagt til rette nye næringsareal og for å få sett ut i livet eksisterande reguleringsplanar. FIN vil medverke til å kartlegge behova for areal og å finne tenlege finansierings- og utbyggingsløysingar.

FIN vil vere ein aktiv aktør for å få realisert Florelandet Nord og andre areal som er under arbeid. Særleg ser vi trong for at kommuneplanen for området ved lufthamna vert rullert. FIN vil komme med konkrete innspel om dette til Flora kommune.

FIN vil også ha eit tett samarbeid med Flora kommune når det gjeld bustadbygging. Det må bli lettare for næringslivet og folk flest å skaffe seg oversikt over kva som er tilgjengeleg av bustadareal og bustader. Det er positivt at Flora kommune no har oversikt over tilgjengeleg bustader og bustadareal på nettsida si.

FIN vil ha tett oppfølging av kommunedelplanane, og vil lage ei oversikt over rullering av kommunedelplanar. FIN vil sette søkelyset på deponi av svartelista planteartar - som parklirekne som er med og bandlegg areal. FIN vil jobbe for ei tilrettelegging for utvikling av sentrum.

Havnæringar

FIN stiller seg positiv til å frigjere areal på sjø og land til å utvikle havbruksnæringa i kommunen. FIN ser det som avgjerande viktig å tenke heilskapleg med tanke på areal, slik at havbruksnæringa kan vekse og utvikle seg.

Regjeringa har lagt til grunn at veksten framover skal skje i havrommet og at dei havbaserte næringane skal doble sitt bidrag til den globale økonomien i 2030. Norge skal bli best på hav. Satsinga på havnæringane er avgjerande for å oppretthalde og vidareutvikle sterke lokalsamfunn. Havnæringane består av petroleumsnæring, maritim næring og sjømatnæringa.

Det er i havrommet veksten skal skje framover. Vi skal i framtida auke eksporten av mat frå havet og kunnskap som utnyttar moglegheitene.

I Florø ligger alt til rette for å vere med på denne reisa. FIN vil engasjere seg for å leggjer til rette for at næringa skal utvikle seg her i Florø. Vi har i dag allereie sterke aktørar innanfor havbruk, og målet må vere at desse får lagt forholda til rette for å befeste sin posisjon og vere med på den vidare utviklinga.

Morgondagens havbruk vil ha behov for areal både på sjø og på land. Målsettinga er at vi i større grad set Florø på kartet som eit vekstsenter innan havbruk. Viktige aktørar for vidareutvikling av næringa i Florø er EWOS, Slakteriet, dagens oppdrettsselskap og fleire eksportselskap. Det ligg ein unik kompetanse på næringa i dag, og dette må vi passe på at blir beheldt og vidareutvikla.

FIN vil jobbe aktivt for at vi har areal tilgjengelig for utvidingar av slakteritenester og tilgjengelige område på land til for eksempel smoltproduksjon, algeproduksjon o.l. Det må vidare jobbast med at arealplaner for havrommet blir oppgraderte og rullerar tilpassa nye produksjonsbehov for oppdrett av laks, og eventuelt andre artar. Det er viktig også å tenke at morgondagens havbruk vil også kunne skje i opnare farvatn og lengre ute i havet enn dagens produksjon.

FIN vil vere ein pådrivar for å få på plass eit utdanningstilbod i Flora, knytt til Havbruk – i samband med ingeniørutdanninga.

Næringsutvikling

Som medeigar i næringssselskapet Aksello AS vil FIN gjere sitt til å bygge opp samarbeid og medverke til at ein lukkast både med inkubator, omstillingar og nyetableringar på i Flora. FIN vil bruke Aksello AS til å få utført ulike oppgåver etter behov.

Flora kommune vert årleg tildelt næringsutviklingsmidlar frå fylkeskommunen - eit næringsfond som Aksello administrerer. FIN ønsker å bidra til å informere om denne ordninga til medlemsbedriftene og andre bedrifter.

Saman med Aksello ønskjer vi å sette fokus på å få til felles møteplassar for gründerar, knoppskyting i eksisterande verksemder og i næringsapparatet. FIN vil aktivt bruke Aksello sine samlingar og frukostmøter, og vil påverke Aksello til å jobbe for høgskuleutdanning i Flora.

Kommunikasjonar

FIN vil framleis ha sterk fokus på rutetilbod og flymateriell på Florø Lufthamn for å sikre næringslivet både i Florø og omland eit best mogleg flytilbod. FIN vil og ha fokus på offshoretrafikken ved lufthamna og jobbe vidare for og utvikle lufthamna innan berdskap både til lands og til havs. FIN er også opptatt av at Florø Lufthamn får rammevilkår for å utvikle seg både som største lufthamn i fylket og som ei viktig bedriftsklynge i Florø. FIN vil ha fokus på pris på flybillettane.

FIN vil støtte fullt opp om arbeidet for eit best mogleg rutetilbod med båt både innanfor Flora kommune og på kysten av Sogn og Fjordane. I påvente av betre vegløyningar på kysten vil FIN utfordre fylkeskommunen som ruteeigar til å utvide båttilbodet langs kysten av fylket for å skape større bu- og arbeidsområde.

FIN vil framleis ha ein tett dialog med Flora kommune, Flora Hamn KF og aktørane som brukar hamnene når det gjeld utvikling av hamnene i Florø.

FIN vil vere ein aktiv støttespelar i arbeidet for Kystvegen Ålesund-Bergen og særleg for Kystvegen Måløy-Florø.

Utdanning og kompetanseheving

FIN meiner det er viktig å satse på fagutdanningane, og ønskjer at næringslivet tek ansvar ved å ta praksiselevar og lærlingar. FIN ønskjer og fleire retningar og utdanningsløp på høgskulenivå, etter dagens modell ved å utvide samarbeidet med Høgskulen på Vestlandet (HVL).

Særleg vil vi motivere medlemsbedriftene til å opprette lære plassar for yrkesfag. FIN vil også vidareutvikle samarbeidet med høgskuleutdanninga i Florø og Førde og fagskulen i Førde. FIN vil delta i arbeid for å få lagt andre nye høgskulestudium til Florø, og støtte opp om det offensive arbeidet som Folkeuniversitetet gjer lokalt.

Regionalt samarbeid

FIN vil halde fram det nære samarbeidet med næringsliv og næringsorganisasjonar elles i regionen gjennom Sunnfjord Næringsråd, Maritim Forening Sogn og Fjordane, NPF Sogn og Fjordane, Førde Næringsssamskipnad og nyetablerte Sogn og Fjordane Næringsråd. Særleg vil FIN arbeide for å utvikle eit sterkare og tettare samarbeid med næringslivet i Vågsøy både direkte til enkelt bedrifter men og til organisasjonar som t.d. Måløy Vekst, med tanke på etableringa av Kinn kommune og ei felles satsing inn i den nye kommunen. Næringslivet i Bremanger er det også viktig å ha tett samarbeid med.

Internasjonalt samarbeid

FIN vil vurdere samarbeid med næringsorganisasjonar i utlandet, spesielt med tanke på om det er ein tettstad eller kommune rundt Nordsjøen som har liknande næringsstruktur og storleik som Flora. Då kan ein evt. og komme med innspel til Flora kommune om oppretting av venskapsavtale med ein slik kommune. FIN vil ha kontakt med NOREC (tidlegare Fredskorpset) og vurdere samarbeid om utveksling gjennom dei.

Medlemsutvikling

Verving av nye medlemsbedrifter til FIN skal framleis ha høg prioritet. Særleg vil vi kartlegge dei mange nyetablerte verksemdene i Flora, og tilby dei medlemskap i FIN. FIN legg vekt på

å ha ei oppdatert nettside, der vi legg inn aktuelt stoff og arrangement som er viktige for medlemmane.

Møteaktivitet

FIN legg opp til minst 5 styremøte i året og har som siktemål å arrangere 2 medlemsmøter. Aksello vil halde fram å arrangere frukostmøte for mellom anna medlemer av FIN, den første torsdagen i kvar månad i 2018. Dette er ein møteplass for verksemder i Flora, der ein kan møtast for å få informasjon, dele erfaringar og finne nye samarbeidsformer. Felles bedriftsbesøk til bedrifter i regionen kan også vurderast.

I første omgang legg ein opp til eit styremøter slutten av september og eit i november. Julemøtet i samarbeid med Petroleumsforeninga bør gå av stabelen i slutten av november. Aktuelle tema her kan vere alternative energikjelder, Norec sitt arbeid og kommunedelplanar.